



DEN NORSKE KYRKJA

Bjørgvin bispedømeråd

Saksframlegg

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Tore Skjæveland	BDRSF - 008	14/3936

Høring - Forslag om å fjerne henvisning fra fastlege når kvinner begjærer abort

Vedlegg:

Høring - Forslag om å fjerne henvisning fra fastlege når kvinner begjærer abort

Saksorientering

Frå høyringsnotatet frå Helse og omsorgsdepartementet:

«Helse- og omsorgsdepartementet foreslår at fastleger ikke lenger skal henvise til abort. Fastleger skal ikke skrive under på skjemaet der kvinnen begjærer abort, og heller ikke legge ved en skriftlig henvisning. Fastlegen skal gi kvinnen informasjon og veiledning etter abortloven og gjøre nødvendige kliniske undersøkelser, blant annet for å fastsette svangerskapets varighet. Fastlegen skal også sende kvinnens begjæring om abort til spesialisthelsetjenesten sammen med nødvendige medisinske opplysninger. Dersom svangerskapsavbruddet ikke kan utføres før utgangen av tolvte svangerskapsuke, skal fastlegen også sende en skriftlig utredning om de grunner kvinnen anfører for sitt ønske om svangerskapsavbrudd, jf. abortloven § 7. Fastlegens rolle ved kvinners begjæring om abort foreslås regulert i fastlegeforskriftens bestemmelse om henvisning (§ 24) og abortforskriftens bestemmelse om saksgang ved abort før utgangen av tolvte svangerskapsuke (§ 4).

Departementet foreslår også å presisere i fastlegeforskriften § 11 at fastleger som har felleslister kan ha oppgavedeling der dette er begrunnet i behov for å dekke opp for ubesatte stillinger eller avtalehjemler, ferie- eller annet fravær eller av hensyn til kvaliteten på helsehjelpen. Ordningen med felleslister skal ikke åpne for at fastleger kan fordele oppgaver seg imellom av andre grunner. Kommunens ansvar for å sørge for at fastlegenes praksis

Framlegg til tekst på høyringssvaret:

Bjørgvin biskop og Bjørgvin bispedømeråd takkar for å få lov til å gje høyringssvar i denne saka.

Vi vil ikkje gå inn i dei tekniske detaljane omkring kva dokument ein fastlege skal underteikna. Vi ser at departementet har funne ein måte å balansera omsynet til respekten for liv mot omsynet til

Stiftsdirektørens framlegg til vedtak

Skriv inn teksten her

BERGEN, den 26.08.2014
Tore Skjæveland
seksjonsleder

Fra: Skjæveland, Tore [mailto:tos@kyrkja.no]
Sendt: 12. september 2014 10:30
Til: Postmottak HOD
Emne: Høring - Forslag om å fjerne henvisning fra fastlege når kvinner begjærer abort

Helse- og omsorgsdepartementet

Dato: 26.08.2014

Vår ref: 14/3936 - 3 TOS (14/22357)

Dykkar ref:

Høring - Forslag om å fjerne henvisning fra fastlege når kvinner begjærer abort

Bjergvin biskop og Bjergvin bispedømeråd takkar for å få lov til å gje høyrings svar i denne saka.

Vi vil ikkje gå inn i dei tekniske detaljane omkring kva dokument ein fastlege skal underteikna. Vi ser at departementet har funne ein måte å balansera omsynet til respekten for liv mot omsynet til helsepolitiske rettar som gjer at det ikkje er den einiskilde lege, men kvinna som ber om abortinngrep.

Kyrkja har alltid stått vakt om samvitsfridomen, og reservasjonsretten er ein naudsynleg konsekvens av den.

Det prinsipielt viktige i denne saka er at ein ikkje må utelukka at ein lege kan reservera seg. Samfunnet treng legar som tar reflekterte standpunkt i medisinske saker. Medisinsk kunnskap og teknologi er i utvikling og både samfunnet ved sine valde representantar og etiske råd og den einiskilde yrkesutøvar må reflektera over etiske grenser.

Vi vil understreka det som står i høyringsnotatet s 22:

Det kan hevdes at legeyrkets karakter og etiske regler hvor blant annet hovedmålet er å redde liv og helbrede sykdom, kan tale for å gi et visst spillerom for den enkeltes samvittighet, i hvert fall når det gjelder etisk vanskelige oppgaver. Det er stor grad av skjønnsutøvelse i legegjerningen og det er derfor også viktig at legene har moralsk integritet, noe som igjen forutsetter samvittighetsfrihet.

Dette ikkje berre «kan hevdes», men må framhevast; at stort ansvar for liv og helbred også må knyttast til etisk refleksjon og samvitsfridom. Vi treng legar med etisk reflektert skjønn. Dette kan ikkje avsvekkast sjølv om det finst medisinske arbeidsoppgåver som helsevesenet er sett til å utføra og som ikkje alle legar kan gå inn i på grunn av si etiske overtyding.

Mottakere:
Helse- og omsorgsdepartementet